



Fylkesmannen i Rogaland

TILSYNSRAPPORT

**SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT
PSYKOSOSIALE MILJØ**

Rennesøy kommune – Rennesøy skule

Innhald:

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø	3
2. Gjennomføring av tilsynet	4
3. Fylkesmannen sine vurderinger og konklusjonar.....	4
3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll.....	4
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen.....	5
3.3 Brukarmedverknad.....	6
4. Pålegg om retting	8
5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta.....	8
6. Klage	8
Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon.....	9
Vedlegg 2 Oversyn over dei som er intervjua	10
Vedlegg 3 Rettslege krav	11

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Det blir gjennomført felles nasjonalt tilsyn i 2010 og 2011 der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. I det felles nasjonale tilsynet 2010/2011 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Kommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at skulen tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skolemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at det er kommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Føremålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrke arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skolemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skolemiljøet kan føre til mistriksel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbytet deira.

Dei overordna føremåla med det felles nasjonale tilsynet i 2010 og 2011 er å:

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skolemiljøarbeidet

Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til det temaet som er valt for det felles nasjonale tilsynet 2010 og 2011.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreningar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreining og dokumentasjon til kommunen og skulane datert 08.12.2010.
- Mottak av dokumentasjon og utgreining frå skulane 21.01.2011
- Dagsorden for tilsynet i brev datert 19.01.2011
- Opningsmøte 31.01.2011
- Intervju/samtalar 03.02.2011
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 11.04.2011
- Sluttmøte 12.04.2011
- Frist for tilbakemelding på førebels rapport og varsel om vedtak 16.05.2011

3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar

Det er informert nærmare om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 31.01.2011. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein nødvendig føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må ha ei "føre var"-haldning til eventuelle situasjoner og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sin rett etter § 9a-1 blir oppfylt. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Rennesøy skule har ei rekke dokument knytt til det førebyggjande arbeidet og internkontroll på tilsynsområdet. "Verksemidsplanen" for gjeldande skuleår inneheld mellom anna mål og tiltak knytte til arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø. "Vår verksemid" er ein plan som legg grunnlaget for det faste arbeidet som skal gjerast gjennom skuleåret. Det er vidare utarbeidd ei oversikt over oppgåver for dei enkelte trinna, og det er utarbeidd eigen instruks for kontaktlærarar. Brosjyren "Elevane sitt skulemiljø" vert delt ut til elevane når dei byrjar i 5. og 8. klasse. Rennesøy skule har ein eigen "Tiltaksplan ved mobbing" med tilhøyrande "Retningslinjer for handtering av mobbesaker", samt ein "tiltaksplan" som skal sikre mest mogleg like reaksjonar overfor elevane. Skulen har fadderordning for elevane, "Plan for sosial kompetanse", og ART vert gjennomført på 5.

og 8.trinn. "Rutinar for mottak og overføring av elevar" vert nytta i samband med overføring av elevane frå Vikevåg skule til Rennesøy skule det året dei skal byrje i 5. klasse, og overføring av elevane frå Mosterøy skole til Rennesøy skule det året dei skal byrje i 8. klasse. Det er òg utarbeidd ordensreglar.

Rennesøy skule kartlegg elevane sitt psykososiale skolemiljø gjennom "månadsmelding", elev – og foreldresamtalar, gjennom "Elevundersøkinga" som vert gjennomført kvart år på alle trinna, og gjennom det daglege arbeidet som lærarane gjer i klassane. Det er ikkje skriftleggjort korleis kartleggingane vert følgde opp.

Fylkesmannen har fått tilsendt "Ordensreglar for Rennesøy skule", "Ordensregler – tillegg til de generelle", "Ordensreglar – tillegg til dei generelle" og "Snøballreglar". Desse dokumenta vert gjort kjende for elevane og foreldra/føresette kvar haust.

Det går ikkje fram av desse dokumenta kva skulen ser på som "krenkjande åtferd". Dei ulike dokumenta inneheld reglar og ulike sanksjonar for brot på desse reglane. Det vert og vist til "Tiltaksplan" når det gjeld brot på reglane.

Ordensreglementet er eit sentral verkemiddel i arbeidet med skolemiljøet. Etter Fylkesmannen si vurdering er det uheldig at skulen har fleire dokument som samla sett utgjer eit ordensreglement. Dette gjer det vanskeleg for tilsette, elevar og foreldre å gjere seg kjende med kva skulen ser på som "krenkjande åtferd", kva reglar som gjeld og korleis skulen skal handtere eventuelle brot på reglane.

Gjennom intervju kom det fram at dokumenta som er nemnde ovanfor er "levande" dokument på skulen. Unnatak er brosjyren "Elevane sitt skolemiljø", som berre blir delt ut ved oppstart i 5. og 8. klasse. Det går ikkje fram av den skriftlege dokumentasjonen at Rennesøy skule gjennomfører ei systematisk evaluering av rutinar og tiltak knytte til skolemiljøarbeidet. Intervjua stadfestar dette. Det er derfor uklart i kor stor grad dokumenta vert regelmessig evaluerte. Dette er eit krav for at skulen skal oppfylle kravet til internkontroll, og slik sikre at rutinane fungerer og er tenelege for skulen sitt arbeid med elevane sitt skolemiljø.

Fylkesmannen sin konklusjon

Rennesøy skule har skriftlege rutinar og planar for det førebyggjande arbeidet med det psykososiale skolemiljøet, men det er i liten grad skriftleggjorte rutinar for evaluering av planane. Ordensreglane eller andre dokument definerer ikkje kva skulen reknar som "krenkjande åtferd". Dei ulike dokumenta knytte til ordensreglane gjer det vanskeleg for tilsette, elevar og foreldre å gjere seg kjente med kva skulen ser på som "krenkjande åtferd", kva reglar som gjeld og korleis skulen skal handtere eventuelle brot på reglane. Det ligg derfor ikkje føre eit tilfredsstillande system for internkontroll slik det er krav om i opplæringslova §§9a-4 jf. 9a-3 første ledd.

3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyllinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde, blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar, følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova oppstiller særskilte plikter for skulen knytte til det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje elevane si helse, trivsel og læring.

Rettslege krav

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber plikt til i å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe

inn når det er naudsnyt og mogleg. Vidare blir skulen pålagd å behandle oppmadingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet, etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Rennesøy skule har skriftlege rutinar for det individretta arbeidet i form av "Tiltaksplan ved mobbing" og "Retningsliner for handtering av mobbesaker ved Rennesøy skule". Rutinane forklarar kva dei tilsette skal gjere når dei får mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for mobbing. "Retningsliner for handtering av mobbesaker ved Rennesøy skule" inneholder to definisjonar på mobbing, men skulen har ikkje sjølv definert kva som er uønskt/krenkjande åtferd. Intervju viser at dei tilsette er kjende med dei to dokumenta, og nyttar dei når det oppstår uønskte hendingar.

Intervju viser at dei tilsette ved Rennesøy skule er kjende med handlingsplikta si etter §9a-3 andre ledd i opplæringslova. Intervju stadfestar at dei tilsette veit at dei skal undersøkje saker, varsle og om nødvendig og mogleg gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar. Intervju viser at dette også vert gjennomført i praksis.

Ifølgje "Tiltaksplan ved mobbing" skal mistanke om eller kjennskap til mobbing først meldast til kontaktlærar. Tilfelle med mistanke vert vidare tatt opp til drøfting i team. Tilfelle med kjennskap skal meldast til administrasjonen etter to veker. Dersom denne rutinen blir følgt, vert ikkje leiinga varsle tidleg nok. "Retningsliner for handtering av mobbesaker ved Rennesøy skule" seier at "*Den som får kjennskap eller mistanke om krenkjande åtferd, har plikt til å melde frå om dette til skuleleiinga.*" Dei to dokumenta er altså noko ulike på dette punktet. Intervju viser at det er det siste som vert praktisert ved skulen: Leiinga ved skulen vert raskt informert dersom enkeltelevar blir utsette for krenkjande åtferd.

Når ei sak vert varsle til skuleleiinga, har skulen rutinar for korleis saka skal følgjast opp vidare. Dette står både i "Tiltaksplan ved mobbing" og "Retningsliner for handtering av mobbesaker ved Rennesøy skule". Det siste dokumentet inneholder også rutinar for å fatte enkeltvedtak som gjeld det psykososiale skolemiljøet.

I samband med tilsynet har Fylkesmannen fått tilsendt eitt enkeltvedtak frå Rennesøy skule som gjeld det psykososiale skalemiljøet. Dette vedtaket, samt det som står i "Retningsliner for handtering av mobbesaker ved Rennesøy skule", viser at enkeltvedtak som blir fatta av skulen følgjer reglane i forvaltningslova. I intervju kom det likevel frem at det ikkje blir fatta enkeltvedtak ved alle oppmadingar om tiltak frå elevar, foreldre eller andre.

Intervju viser at elevar og foreldre i liten grad er gjort kjende med retten til å få enkeltvedtak.

Fylkesmannen sin konklusjon

Dersom tilsette ved Rennesøy skule får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar, vil dei undersøkje saka, varsle leiinga og om nødvendig gripe inn. Rennesøy kommune ved Rennesøy skule tar dermed i vare elevane sine rettar etter opplæringslova §9a-3 andre ledd.

Rennesøy skule set i verk og følgjer opp tiltak når foreldre eller andre ber om tiltak som gjeld det psykososiale skalemiljøet. Ut frå dokumentasjon og intervju blir desse sakene samstundes sjeldan behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Rennesøy skule informerer heller ikkje om retten til enkeltvedtak. Rennesøy kommune ved Rennesøy skule tar ikkje godt nok i vare elevane sine rettar etter opplæringslova §9a-3 tredje ledd.

3.3 Brukarmedverknad

Opplæringslova inneholder krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til opprettning av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endelige avgjerder blir tekne.

Brukarmedverknad er ikkje ein statistisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhøyrsla i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsetjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er "skulen" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skolemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skolemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skolemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og *reelt* høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Den skriftlege dokumentasjonen viser at Rennesøy skule har eitt elevråd for mellomtrinnet og eitt for ungdomstrinnet. Det er utarbeidd møteplan for elevråda skoleåret 2010/2011, og det er synleggjort kven som er medlemmer. Kvart elevråd har ein kontaktlærar. Det er lagt ved 3 referat frå kvart av elevråda. Det går ikkje fram av desse at det psykososiale skolemiljøet har vore drøfta, men begge elevråda er sterkt engasjert i ulike trivselstiltak ved skolen.

Det er lagt ved referat frå eit FAU-møte, der blant anna utemiljø var tema.

Arbeidet i samarbeidsutvalet (SU) er synleggjort i tre referat. I referatet av 07.12.09 går det fram at skolemiljøutval (SMU) blei oppretta. Det er her synleggjort kva saker som kan takast opp i utvalet og kven som er vald som leiar, nestleiar og sekretær. Det går ikkje fram av noko referat at skolemiljøsaker har vore drøfta.

Referat frå møte 01.11.10 har overskrifta FAU/skolemiljøutval/samarbeidsutval. Referatet synleggjer at 6 av dei 8 som møtte var foreldre og elevar. Skolemiljøsaker blei ikkje drøfta på møtet. Det er uklart for Fylkesmannen kva rådsorgan dette referatet viser til.

Fylkesmannen sin konklusjon

Rennesøy skule har oppretta elevråd, FAU, samarbeidsutval og skolemiljøutval. Det er ikkje synleggjort at det psykososiale skolemiljøet har vore drøfta i noko av rådsorgan, og det er ikkje synleggjort at det er rutinar for å halde råd og utval orienterte om alle tilhøve som er vesentlege for det psykososiale skolemiljøet, mellom anna resultata frå Elevundersøkinga.

4. Pålegg om retting

På bakgrunn av det som går fram av punkta 3.1- 3.3, gir Fylkesmannen slikt pålegg:

Førebyggjande arbeid og internkontroll - § 9a-4, jf. 9a-3 første ledd

1. Rennesøy kommune må sjå til at Rennesøy skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å fremje eit godt psykososialt miljø og forhindre at uønskt åtferd oppstår. *Rennesøy kommune må i denne samanhengen sjå til at Rennesøy skule:*

- a. synleggjer i skulen sine dokument kva skulen ser på som "krenkjande åtferd", og innarbeider dette i eit samla ordensreglement.
- b. skriftleggjer rutinar for korleis planar og rutinar knytte til elevane sitt psykososiale skulemiljø skal evaluerast.

Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 tredje ledd

2. Rennesøy kommune skal syte for at Rennesøy skule behandler oppmodingar om tiltak ved å gjere enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. *Rennesøy kommune må i denne samanhengen sjå til at Rennesøy skule:*

- a. informerer elevar og foreldre/føresette om retten til enkeltvedtak, og fattar enkeltvedtak ved oppmodingar om tiltak.

Brukarmedverknad - §§ 9a-5 og 9a-6 og kapittel 11

3. Rennesøy kommune skal sjå til at Rennesøy skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljørbeidet. *Rennesøy kommune må i denne samanhengen sjå til at Rennesøy skule:*

- a. utarbeider rutinar for å underrette råda og utvala om alle forhold som er vesentlege for det psykososiale skulemiljøet, slik at råda og utvala fungerer slik lova krev.

5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta

Tiltak for å rette lovbroter skal setjast i verk med det same.

Rennesøy kommune skal gi ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta og dokumentere at det er utarbeidd tiltak i samsvar med pålegga.

Frist for innsending av slik erklæring er 30.09.11.

6. Klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan påklagast til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome fram til kommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Stavanger 30.05.11

Hjalmar Arnø
rådgivar/tilsynsleiar

Marta Vignes
seniorrådgivar

Monica Mannes
rådgivar

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervjuar
3. Rettslege krav

Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon

Brosjyren "Rennesøy skule"

Utgreiing frå rektor

Rutinar for mottak og overføring av elevar

Vaktliste 2010/11

ART for 5.klasse, ART for 8.klasse

Hovedaktiviteter Kaihuset 2008/09, 2009/10, 2010/11

Kaihuset (torsdaggruppa)

Søknadsskjema Kaihuset

Dagsplan Kaihuset torsdagsgruppa

Sjekkliste

Årshjul

Rennesøy skule Vår verksemd

Verksemndsplan 2010 – 2011 ved Rennesøy skule

Evaluering av verksemndsplan 2009/2010

Oversikt over oppgåver og ansvar for klassetrinna

Instruks for kontaktlærar

Opplegg for foreldremøte

Tiltaksplan ved Rennesøy skule

Prosedyre for tiltak retta mot spesialundervisning

Intern melding om elev med spesielle vanskar

Henvisningsskjema til PP-tjenesten

Henvisningsskjema til psykolog Andreas Våge, Rennesøy helsecenter

Orientering om kompetanseteam ved Rennesøy skule

Orientering om ressursteam ved Rennesøy skule

Oppmelding til ressursgruppa/kompetanseteam

Konflikthandtering – ei handbok for Rennesøy skule

Vald eller trusselssituasjoner – plan for handtering

Tvangsprotokoll

Rapporteringsskjema – Rennesøy skule

Referat frå møte 27.11.09

Vedtak vedrørande klage på det psykososiale miljøet 30.11.09

Referat frå møte 18.12.09

Referat frå møte 21.05.10

Brosjyren "Elevane sitt skulemiljø"

Tiltaksplan ved mobbing

Retningslinjer for handtering av mobbesaker ved Rennesøy skule

Ordensregler for Rennesøy skule

Ordensregler – tillegg til de generelle

Ordensreglar – tillegg til dei generelle

Snøballreglar

Elevråd 2010-11

Elevråd 2010-2011 Møteplan hausten 2010/våren 2011-02-18

Referat elevråd ungdomstrinnet 07.10.2010

Referat elevråd ungdomstrinnet 25.11.2010

Referat elevråd ungdomstrinnet 10.12.2010

Referat elevråd barnetrinnet 08.11.2010

Referat elevråd barnetrinnet 21.10.2010

Referat elevråd barnetrinnet 30.09.2010

"Ting å ta opp"

Søknad frå elevrådet til rektor 22.11.10

Halvårsplan for elevrådet ungdomstrinnet – hausten 2010

Halvårsplan for elevrådet ungdomstrinnet – våren 2011

Referat etter møte med klassekontaktar 04.10.2010

Referat samarbeidsutvalet 07.12.09

Referat samarbeidsutvalet 26.01.10

Referat samarbeidsutvalet 13.04.10

Referat FAU/skulemiljøutval/samarbeidsutval 01.11.10

Vedlegg 2**Oversyn over dei som er intervjua**

Namn:	Funksjon:	Opningsmøte:	Intervju:	Sluttmøte:
Rennesøy kommune - administrasjon				
Tone Olsen Finnesand	Kommunalsjef for oppvekst og læring	x	x	x
Knut Underbakke	Rådmann			x
Rennesøy skule				
Per Steinar Røed	rektor	x	x	x
Kari Synnøve Ingvaldstad	lærar	x	x	
Bjørnar Thengs	lærar	x	x	
Brita Nærheim	rådgivar	x	x	x
Geir Bø	miljøarbeidar	x	x	x
Irene Helland	miljøarbeidar	x	x	x
Siv Elin Hausken	miljøarbeidar		x	
Maj Hanne Vidnes	undervisnings- inspektør		x	x

Det er dessutan gjennomført samtalar med representantar frå elevrådet og FAU.

Vedlegg 3 Retslege krav

1 Det førebyggjande arbeidet

§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/renkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartlegge skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllast.

Skulen blir i § 9a-4 pålagd å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjoner eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skoleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekke og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutinane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skolemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgjt opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skolemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skolemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skolemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sett i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skolemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skolemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skolemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skolemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skolemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmadingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

Handlingsplikta

§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøke, varsle og gripe inn

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøke saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til i å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova¹ er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til

¹Sjå Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).

undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistenter, kontor- og reingjeringspersonale.

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærmare i etterkant kva som faktisk skjedde.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsle om òg blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha *ei felles forståing av når det skal varslast*, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngrapande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftelege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved skulen

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegrane i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagd gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast ráð ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/elever likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmодинга frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlæt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samanheng med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "snarast mogleg", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "innan rimeleg tid", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles innehold ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandler noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målinger, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1

- Skolemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvalga skal gjevast relevant informasjon og ein *reell* sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpende underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.